

Torsk



Status og råd


Bestandsvurderingane blei oppdaterte i løpet av eit såkalla metode-revisjonsmøte i 2015, noko som resulterte i endringar i inngangsdata (fangstrevisjonar, modning, naturleg dødelegheit, toktindeksar) og modell-innstillingar. Den største effekten av endringane hadde innføringa av ein årleg variabel modning ved alder, noko som resulterte i auka gytebestand samanlikna med tidlegare vurderingar. Innstillingane har blitt endra i den nye modellen for å tillate endring i utnyttingsmønster for dei eldste aldersgruppene. Dette bidrar også til endringane i vurderinga av bestanden.

ICES konkluderer at gytebiomassen har auka sidan det kritisk låge nivået i 2006 og ligg no over grensenivået, men er framleis under tiltaksnivået. Fiskedøyingssraten har minka etter 2000, men er enno over det nivået som gjev høgt langtidsubytte. Rekrutteringa etter 2000 er vurdert til å vera dårleg.

ICES sin langsiktige forvaltingsstrategi frå januar 2013 er ikkje lenger gjeldande. Kvoteråda er basert på ei MSY-tilnærming, noko som resulterer i ein 5 % auke av TAC. I 2017 er Noregs totalkvote (med justeringar) i Nordsjøen og Skagerrak 6 853 tonn.

Fiskeri

Torsk vert for det meste teken i eit blandingsfiskeri med trål saman med hyse, kviting, sjøkreps, raudspette og tunge. Utkastnivået var 26 % av totalfangst (vekt) i 2015 og 50 % rekna i tal. Utkast av stor konsumfisk er redusert, men nivået for 1 og 2 år gamal fisk er svært høgt. Det er eit sterkt behov for utkastreduserande tiltak.




Bestand og fangst av torsk i Nordsjøen, Den engelske kanal og Skagerrak.
Stock size and total catch of cod in the North Sea, the Eastern Channel and Skagerrak.

NORDSJØEN/SKAGERRAK OG DEN AUSTLEGE ENGELSKE KANAL

Torsk – *Gadus morhua* – Cod
Familie: Gadidae (torskefamilien)
Maks storleik: 100 cm og 20 kg
Levetid: 15 år
Leveområde: Nordsjøen/Skagerrak
Gyteområde: Dogger og langs skotskekysten
Gytetidspunkt: Januar–mai
Føde: Krepsdyr og fisk

Nøkkeltal:

KVOTERÅD 2017: 47 431 tonn (totalfangst)
(inkluderer Den austlege engelske kanal)
TOTALKVOTE / NORSK KVOTE 2017:
39 220 / 6 667 tonn (Nordsjøen)
5 744 / 186 tonn (Skagerrak)
TOTALFANGST / NORSK FANGST 2015:
52 110 tonn / 5 985 tonn
NORSK FANGSTVERDI 2015: ca. 104,8 mill. kroner
(Nordsjøen), 9,5 mill. kroner (Skagerrak)



Fakta om bestanden:

Torsk finst på begge sider av det nordlege Atlanterhavet. Utanom bestanden i Nordsjøen har vi bestandar i Austersjøen, Kattegat, Irskesjøen, ved Færøyane, Island, norskekysten, Barentshavet, aust- og vestkysten av Grønland, og langs Canada og USA sør til Cape Hatteras (35° 10'N). I Europa finst den sør til Biscaya.

Torsk i Nordsjøen er stort sett stadbunden, og vi reknar med at det finst fleire lokale stammar med egne gytefelt, mellom anna i Den engelske kanal, ved Dogger og langs kysten av Skottland. Det finst likevel ikkje klare skiljeliner mellom stammene, og gytinga kan skje i heile Nordsjøen.

Gytetida er frå januar til slutten av mai, tidlegast i sør. Hovudgytinga er i januar–februar i sør, februar–mars i den sentrale Nordsjøen og i mars i nord. Egga vert klekte etter to–tre veker. Dei viktigaste oppvekstområda er langs danskekysten og i Tyskebukta. Det finst vanlegvis også ein god del yngel kring Shetland. Torsken i Nordsjøen veks raskare og vert tidlegare kjønnsmoden enn torsken i Barentshavet, men har eit kortare liv.

Torsken lever i hovudsak på botnen, men kan gå høgt i vatnet for å beite på fiskestimar. Føda varierer med storleik og alder. Medan ung torsk et mykje krepsdyr, vil den etter kvart som den veks, ete meir og meir fisk, slik som augepål, tobis og sild. Torsken er ein utprega kannibal, og opptil tre år gammal torsk kan bli eten av større torsk.